

# Reisebrev frå «EGU- General Assembly» 2017

Wien, Austerrike 23–28. april 2017


På initiativ i frå masterveileder og med god økonomisk stønad i frå Norsk Bergmekanikkgruppe (NBG), vart det også mogleg for ein NTNU-student å få oppleve ein av dei største konferansane innan geovitskap i Europa; «European Geosciences Union (EGU) - General Assembly», eller EGU-konferansen som er eit enklare kallenamn.



«Austria Center Vienna»

Dei siste åra har EGU-konferansen blitt lokalisert i «Austria Center Vienna» i Wien, Austerrike. I år utgjorde dette ei samling med 14 496 deltakarar i frå 107 ulike land. Heile 4 849 munnlege presentasjonar fordelt på 649 økter, 11 312 posterar og 1 238 PICO presentasjonar vart organisert, om eg skal vere presis. Alt dette i løpet av fem dagar! Konferansekvardagen kan fort bli lang og hektisk... Ein god lunsj med frisk luft og sol ved Donau, vart oppskrifta på å fordøye fagleg input og inntrykk ein fekk i løpet av dagen.

Programmet i frå «Natural Hazards» var mest relevant og var det som i hovudsak blei fylgt. Her inngjekk spennande tema som blant anna steinspang og fjellskred, flaum, risikoanalyser, overvaking og tidleg varsling for både skred og flaum, samt muligheiter med satellittane Sentinel 1 og 2 og InSAR-data.



*Donau var ein ynda lunsj-plass for fleire EGU-deltakarar.*

Presentasjonsforma eg helst føretrakk var dei lengre øktene med seks ordinære munnlege framføringar på 15 minutt inkludert tre minutt til spørsmål. På denne måten kom ein godt inn i tematikken til kvar økt, og fekk ro til å fordøye informasjonen utan hyppige avbrekk og forflyttingar. PICO-stopp var ein hurtig form for presentasjon og minte sterkt om ein fagorientert «speed-date». Kvar person fekk to minutt kvar til å presentere arbeidet i svært korte trekk. Ved interesse kunne ein etterpå stille seg opp ved presentøren sin PICO-skjerm, for ein meir djupare samtale rundt emnet. På slutten av dagen vart det stilt ut utallige posterar (fag-plakatar) i ein enorm hall. Det var langt fleire prosjekt som hadde poster som presentasjonsform enn dei munnlege presentasjonane. Her vart det eit naturleg samlingspunkt for dei som hadde inngåande spørsmål eller ville få overblikk over tema ein uheldigvis hadde mist. Kvar poster-ansvarleg stod parat for å svare på entusiastiske spørsmål.

Noko som var spesielt artig å få med seg, var norske verksemder sine bidrag på ein så stor konferanse. Av dei eg fekk med meg, var det representantar som heldt foredrag frå både



*PICO-stopp.*

Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE), Noregs geologiske undersøking (NGU) og Norges Geotekniske Institutt (NGI). Her slo det meg at vi jammen har eit bra utval av dyktige forskarar og spennande prosjekt også i Noreg. Motiverande!

Av andre presentasjonar som gav inntrykk kan Bruno Merz si medalje-forelesing nemnast. Her gjaldt det å notere det ein kunne av tips og triks rundt sjølve presentasjonen, men også korleis framføringa vart gjennomført. Vidare, var François Noël sin presentasjon høgst relevant for delar av mi eiga masteroppgåve. Han var ein eg fekk knytt kontakt med, og han er ph.d.-student i frå Université de Lausanne i Sveits. Med si erfaring gav han meg fleire anbefalingar, råd og tips til sjølve masteroppgåva, men også til skriveprosessen.



*Medalje-seremoni før Bruno Merz sin medaljerte presentasjon.*

Sidan eg aldri har vore i Wien i før, vart det etter konferanseslutt prioritert tid inne i sentrum av byen. Ein klassisk Sachertorte saman med ein kopp kaffi servert i eit tradisjonsrikt kaffehus måtte prøvast ut. Naschmarkt vart raskt favorittplassen for middag. Det er den mest kjende matmarknaden i Wien, med eit utval av fargerike og kulinariske sals-bodar og resturantar. Den meir rustikke tradisjonskosten som wienersnitsel, wienerpølse, Knödel og Gulasch, vart prioritert på middagar og lunsjar saman med lokalkjende heltar og deira tilråding av restaurant. Dette utgjorde lunsj og middag med tilsette frå den geofysiske avdelinga til Austerrikes geologiske undersøking og eit større festmåltid saman med professorar og studentar i frå Université de Lausanne i Sveits. Ikkje berre var maten god, men selskapet også rett så interessant!

Eg sit no att med gode minner og motivasjon til vidare masterarbeid. Ikkje minst har eg fått ei glimrande første erfaring når det kjem til store konferansar.

## Tusen takk!

Takk til NBG for stønad til konferansen.

Ein spesiell takk går til Gudrun Dreiås Majala, som gjorde ein formidabel innsats bak kullissane. Dette la grunnlaget for fleire interessante lunsjar og middagsselskap.

Resten av reisefølgjet fortener også ein takk for turen og all moro og munter stemning.



*Reisefølgjet mitt i tradisjonelt kaffehus i Wien: f.v. Marcus Kvarving og Håvard Haukenes (masterstudentar, UiT) og Gudrun Dreiås Majala (masterveileder, NVE)*

Med venleg helsing  
Synnøve F. Nordang



*Sjølvpportrett ved Donau med Vienna Conference senter i bakgrunnen.*